

Til:

Porto

PRISAR

Kurspris: 1750 kr

Opphald berre med kost: 850 kr

Opphald med kost og overnatting: 1250 kr

Totalt: 2600 kr (u. overnatting) / 3000 kr (m. overnatting)

PÅMELDING

Påmeldingsfrist er 2. mai. Påmelding er bindande.

Giro for betaling sendast ut etter påmeldingsfrist.

Påmelding til: Kulturlandskapsenteret,

jf. kontaktinfo under.

Avs./Arrangør:

Kulturlandskapsenteret i Telemark AS

Bygdesentralen

3690 Hjartdal

Tlf. 35024067 / 99258391

E-post: post@kulturlandskapsenteret.no

Heimeside: www.kulturlandskapsenteret.no



Kulturlandskapsenteret



UTVENDIG RESTAURERING AV ELDRE TREHUS

KURSTILBOD FOR SAKSHANDSAMARAR PÅ SMIL,
HUSEIGARAR OG HANDVERKARAR

LIEN FJELLGÅRD 19.-20. MAI 2008

AADNE G. SOLLID
JON BJER GODAL
FYLKESMANNEN I TELEMARK
TELEMARK FYLKESKOMMUNE
KULTURLANDSKAPSSENTERET I TELEMARK

Kulturlandskapscenteret byr inn til kurs i utvendig restaurering av eldre trehus på Lien Fjellgard i Svartdal i Seljord kommune 19.-20. mai. Kurset vil ta for seg dei viktigaste råda som gjeld vøling av eldre trehus i gards- og setermiljø.

Målgruppa for kurset er fyrst og fremst sakshandsamarar for SMIL-ordninga i kommunane. Interesserte huseigarar og handverkarar er også velkomne.

Ein vil få ein gjennomgang om dei ulike elementa i bygningen ved **Aadne G. Sollid** og utdjuping av utvalde tema ved **Jon Bojer Godal**. Me har såleis lukkast i å få fatt i store kapasitetar på fagfeltet.

På kveldstid er det kulturell underhaldning, praktiske aktivitetar og sosialt samvere.

Den andre dagen er sett av til synfaring på eit utval bygningar i Hjørdal og Svartdal med **dei lokale handverkarane Tore Gunnar Bratsberg og Arnt Magne Haugen**.

Andre medverkande er **Karl-Erik Gonsholt frå Fylkesmannen i Telemark, Eystein M. Andersen frå Telemark fylkeskommune og Ingvill Marit Buen Garnås frå Kulturlandskapscenteret**.

Kurset er utvikla med stønad frå Fylkesmannen i Telemark, og marknadsførast fyrst og fremst i Telemark, Agderfylka, Buskerud og Vestfold.

Kurset er bygd opp kring brosjyra "Råd og tips om utvendig restaurering av eldre trehus", eit samarbeid mello statleg og regional forvaltning i Telemark, Aust- og Vest-Agder.

PROGRAM

Måndag 19. mai

- Kl. 0800 Oppmøte og registrering, kaffi og rundst.
 - Kl. 0900 Velkomen. Intensjonar, forvaltning og tilskott v. KLS, FMTE og TFK
 - Kl. 1000 Tre som byggjemateriale v. JBG
 - Kl. 1100 Bygningen og dei ulike elementa v. AAGS/JBG
 - Kl. 1200 Dugurd. Fjellgardsmat.
 - Kl. 1300 Bygningen og dei ulike elementa, framhald.
 - Kl. 1600 Ettermiddagskaffi m. heimebakst
 - Kl. 1700 Demonstrasjonar og øvingar v. TGB og AMH m.fl.
 - Kl. 1930 Tri rettars middag med kulturelle innslag
- Sosialt samvere

Tysdag 20. mai

- Kl. 0800 Frukost og nistesmøring
- Kl. 0900 Bygningen i omgjevnadene og i tida Stutte innleiingar v. KLS/Opne diskusjonar
- Kl. 1000 Synfaring på div. restaureringsobjekt i Svartdal og Hjørdal Døme på utfordringar og løysingar, frå kjellar til pipe. v. KLS, TGB og AMH.
- Kl. 1500 Attende på Lien. Heimreise.

Detaljert program med temaoversikt ligg ute på www.kulturlandskapscenteret.no Der kan de også laste ned brosjyra kurset tek utgangspunkt i. Informasjon om kursstad, samt vegskildring finn de på www.lien-fjellgard.no, sjå under "Kontakt oss".